



Fjord kommune

Arkiv: PLANNAVN-
Kommuneplanen
sin arealdel,
PLANTYPE-20
JournalpostID: 24/3807
Saksbehandlar: Martin Hove
Dato: 27.03.2024

Saksframlegg

Høyring av planprogram og oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel for Fjord kommune 2025-2040

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
032/24	Formannskapet	11.04.2024

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.04.2024	240403 Planprogram Kommuneplanen sin Areal del Fjord kommune til HØRING	1436162

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune viser til plan-- og bygningslova § 11-12 og § 11-13 og vedtek å varsle oppstart av planarbeid med ny arealdel av kommuneplan (KPA) for Fjord kommune og sender planprogram dagsett 03.04.24 på høyring.

Formannskapet 11.04.2024:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FS- 032/24 Vedtak:

Fjord kommune viser til plan-- og bygningslova § 11-12 og § 11-13 og vedtek å varsle oppstart av planarbeid med ny arealdel av kommuneplan (KPA) for Fjord kommune og sender planprogram dagsett 03.04.24 på høyring.


Sakgrunnlag:

Kommunestyret vedtok med vedtak KS- 010/24 08.02.2024 å starte arbeidet med utarbeiding av ny kommuneplanen sin arealdel for heile kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel er ein vesentleg del av kommunen sitt langsiktige og styrande planverk. Den skal vise samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og styrer arealbruk for heile kommunen på eit overordna nivå, men har også direkte innverknad på kva tiltak kan gjennomførast og kva planar som kan igangsetjast, t.d. gjennom styring av politikk knytt til jordvern.

Den fastlegg med bindande verknad den framtidige bruken av dei forskjellige areala (jf. pbl §11-6) og gir grunnlag for å utarbeide meir detaljerte planar for enkeltområder og for avgjerder i enkeltsaker.

Arealdelen si rolle i plansystemet




Kommuneplanen sin arealdel er eit sentralt verktøy for styring av utvikling gjennom å legge rammene for reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak.

I kommunen sitt rullerande planverk bestående av kommunal planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan er det i fleire anledningar understreka betydninga av, og ønske om, ein oppdatert arealplan for heile Fjord kommune. Kommuneplanen sin arealdel består i dag av mange forskjellige delar frå forskjellige tidsperiodar, og behovet for oppdatert arealdel har vore tilstades sidan lenge før kommunesamanslåinga.

Saksopplysningar:

Planprogrammet skildrar planprosessen og utgreiingsbehovet, og er i praksis ein plan for planprosessen. Utarbeidinga av dette er første formelle del av planarbeidet, og høyring av planprogrammet skjer samtidig med at ein varslar oppstart av planarbeid jf. plan og bygningslova. Som vist på figuren under befinn vi oss på første trinnet av prosessen (merka med raud firkant) og skal no gå vidare til neste trinn ved å varsle oppstart og sende vedlagte utkast til planprogram på høyring.




Figuren over syner planprosessen for kommuneplanen sin arealdel med planoppstart og planprogram som først trinn. Paragrafhenvisingar viser til plan- og bygningslova. Henta frå Veileder til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. (Miljøverndepartementet, 2012)

Sidan vedtaket i kommunestyret i februar har det vore gjennomført innkjøp av planteneste frå PIR2, inngått kontrakt for utarbeiding av planprogram, skipa prosjektgruppa og gått over i fase 3

Planprogram jf. oversikta nedanfor. Prosjektgruppa bestående av kommunedirektør, kommunalsjef, leiar plan, planleggar og prosjektleiar har med innleigde arkitektar frå PIR2 Silje Fremo og Petter Paus produsert eit høyringsutkast til planprogram og gjennomført medverknad med regionalt planforum, individuelle mynder (t.d. NVE) og workshop med styringsgruppa (formannskapet).

Tentativ tidslinje, arbeidspakker og milepælar

fram til 1. gongs behandling




Med stram linje kan planforslag til 1. gongs behandling vere klart innan utløp av året, men avhengig av ambisjonsnivå. Det er anbefalt å gjere solid jobb før høyring, for å ha eit godt utgangspunkt og kanskje unngå å måtte gå fleire rundar med høyringar.



Framdrifta følgjer framleis planlagt framdrift frå januar. Tidsplanen for fase 3 "Planprogram" og 4 "Innkjøp B" vil delvis overlappe, og figuren under viser oversikta over desse to fasane. Denne viser også at ein vil få knapt med tid til å behandle merknadane om ein skal oppretthalde plan om vedtak i juni, spesielt dersom det kjem omfattande merknader til planprogrammet eller innspel til arealplanen som introduserer polariserande tema som krever debatt og modning. Likevel er framleis planen å klargjere innkjøpet av planteneste for resten av utforminga av kommuneplanen sin arealdel før sommaren så langt som råd.

Tidslinje for planprogramfasen



Økonomi

Ein forventar at kostnadane ved planprogrammet i direkte innleige vil havne på rundt 150 000kr eks mva. I tillegg kjem bruk av interne ressursar. Ambisjonane som det vert lagt opp til i planprogrammet bestemmer i praksis hovuddelen av kostnadane ein må førespegle seg i prosessen, og vil derfor ha omfattande økonomiske konsekvensar og kan føre til auka budsjettbehov. Derimot er det ikkje råd å seie med stor tryggleik akkurat kor mykje planarbeidet vil koste før vi får gått vidare til anbodet i fase 4 "Innkjøp B", som omfattar utlysing av arbeidet med utgreiingar og å produsere planforslaget fram til 1. gongs behandling og offentlig ettersyn.

Miljø

Miljøhensyn gjennomsyrrer alle tema vi omgir oss med kvar dag, og arealplanen er intet unntak. I planprogrammet er det mellom anna lagt opp til å legge inn krav om å gjere klimatilpassing som overflatevasshandtering og auke kapasitet på ledningsnett/overvassledningar. I tillegg er det foreslått at innspelsgjevarar skal understreke kva av FN sine klimamål blir støtta ved deira forslag til arealplanen, mellom anna.

Barn og unge

Planprogrammet legg opp til gode vilkår for barn og unge i planprosessen, i arealutnyttinga og i utbygging og bruk av områda. Det er lagt opp til å utforme føresegner som tek i vare barn og unge sine interesser, og mellom anna tatt med prinsipp om å stille krav til og sikre opparbeidelse av gang- og sykkelveg,

Beredskap

Naturfare er gitt omfattande merksemd i planprogrammet og skildrar utfordringane dette medfører for samfunn og plan, og illustrerer kva behov vi som kommune har når det gjeld å utforme ein plan som er hensiktsmessig for eit levande samfunn i framtida, på eit detaljnivå som gjer at vi kan bruke det til å konkretisere utlysing av anbod. I tillegg skal arbeidet med planen bygge vidare på eksisterande grunnlag frå mellom anna overordna ROS.

Samfunnsdelen

Føringane frå samfunnsdelen utgjer grunnbjelken av planprogrammet og er bygd frå prinsippa derifrå, og det kjem tydeleg fram i vedlagt forslag til planprogram. Slik det står no har ikkje planprogrammet i seg sjølv konsekvensar for samfunnsdelen, men det kan oppstå eller belysast tema som er aktuelle å løfte opp til samfunnsdelnivå i løpet av prosessen.

Saksvurdering og konklusjon:

Planprogrammet tek for seg føringane som er lagt frå planstrategi, samfunnsdel og økonomiplan, i tillegg til nasjonale føringar og innspel frå styringsgruppa og regionalt planforum, og er klart for høyring før siste justeringar og endeleg fastsetjing.

Bjørn Inge Ruset
kommunedirektør